



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/19	Kommunestyret	11.04.2019

KommunedelplanTyinkrysset 2020-2024 - behandling før høyring og ettersyn

Vedlegg:

05.04.2019	2015003_A0_Plankart_til høyring	135341
05.04.2019	2015003_A0_Temakart arealføremål_til høyring	135342
05.04.2019	2015003_A3_Temakart reserve planforslag	135343
05.04.2019	2015003_A3_Temakart fare- og støysonar_til høyring	135344
05.04.2019	2015003_A3_Temakart gjennomførings-, detaljerings- og infrastruktursonar_til høyring	135345
05.04.2019	2015003_A3_Temakart kulturminnar_til høyring	135346
05.04.2019	2015003_A3_Temakart reserve utan planforslag	135347
05.04.2019	2015003_Føresegn_til høyring	135348
05.04.2019	2015003_Konsekvensutgreiing_til høyring	135349
05.04.2019	2015003_Planomtale_til høyring	135350
05.04.2019	2015003_ROS_til høyring	135351
05.04.2019	VA 100_oversikt_D06 forel	135352
05.04.2019	VA 300_systemskisse_D06 forel	135353

Saksopplysningar

Føremålet med utarbeiding av ny kommunedelplan Tyinkrysset

Ny kommunedelplan for Tyinkrysser ska leggje til rette for at Tyinkrysset kan bli ein stor, heilårs reiselivsdestinasjon. Kommunedelplanen skal syne hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer og føresetnader for nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, samt kva omsyn ein må ta ved disponering av areala, jf. plan- og bygningslova § 11-5, andre ledd.

Masterplanen som er utarbeidd for området synleggjer korleis ein kan arbeide mot å skape ein heilårs reiselivsdestinasjon. Denne består av fire utbyggingsetappar for ein ferdig utvikla destinasjon. Kommunen tek utgangspunkt i masterplanen si etappe nr. 1 når ein vurderer kva for områder som skal takast inn i ny kommunedelplan som utviklingsområde. Desse er omtala nærare i planomtala.

Den overordna målsettinga for Tyinkrysset er:

«Hovudmålsettinga til Vang kommune er å leggje til rette for at Tyinkrysset skal bli ein stor, heilårs reiselivsdestinasjon. Saman med grunneigarar og næringslivet ynskjer kommunen å arbeide aktivt og langsiktig for å nå målsettingane som ligg i masterplanen som er utarbeidd for området.»

Planprosessen

Gjeldande kommunedelplan for Tyinkrysset vart vedteke 22. september 2005. I 2007 vart det innleia eit initiativ til eit «masterplanarbeid» på Tyin/Filefjell. Dette arbeidet resulterte i forstudien «Reisemålsutvikling på Tyin/Filefjell» våren 2008. I 2010 vart det sett ned ei breitt samansett styringsgruppe som skulle arbeide med «fase 2» av dette arbeidet. Denne gruppa leverte våren 2011 sitt innspel til kommunedelplanen for Tyinkrysset. Konsulentfirmaet Ecosign vart engasjert for å utarbeide ein heilskapleg plan for utviklinga av området, og Masterplanen vart levert til kommunen i 2011. Sidan den gong har den vore oppe i kommunestyret ved fleire høve, og det er semje og ynskje om å arbeide aktivt i området med masterplanen som utgangspunkt og mål.

Kommunen hadde oppstartsmøte for kommunedelplanen på VBU den 27. februar 2015. Her møtte om lag 30 personar, og kommunen orienterte om grunnlaget for revisjonen av kommunedelplanen, arbeidsopplegget og tenkt framdrift. Den 25. mars 2015 vart det varsla oppstart av planarbeidet. Samstundes vart planprogrammet lagt ut på høyring og offentlig ettersyn. Fristen for å kome med merknader var sett til 8. mai 2015. På planprogrammet kom det tre innspel (Oppland fylkeskommune, Fylkesmannen i Oppland og Statens vegvesen). I tillegg kom det innspel på utbyggingsområde (frå grunneigarar og -lag, foreiningar og andre interesseorganisasjonar) og overordna retningslinjer for utarbeidinga av planar (FNF Oppland). Vurdering av dei innkomne innspela finns seinare i framlegget.

Den 22. september 2015 arrangerte Vang kommune ei synfaring i planområdet saman med Fylkesmannen i Oppland og Oppland fylkeskommunen. Her skisserte kommunen planane for ny kommunedelplan, og det vart orientert om masterplanen.

Planprogrammet vart behandla i kommunestyret den 22. september 2016 (sak KS-064/16), med vedtak om at fastsetting av planprogram skulle utsettast til det hadde vorte gjennomført eit felles møte for alle interessentar i området og at avtale om refinansiering skulle etablerast. I etterkant av dette vedtaket har det vorte arbeidd aktivt for å skape dialog mellom aktørane i området. Den 13. januar 2017 vart det halde eit ope møte for aktørane på Mjøsvang, i tillegg til at det har vorte halde fleire møter med partane enkeltvis. Dialogen gjekk i hovudsak kring refinansiering av fellesgode og skiheis, vasskapasitet og situasjonen med nye utbyggingsområde og eksisterande tomtereserve. Planprogrammet vart samrøystes fastsett i kommunestyret 6. april 2017 (sak KS-021/17), med fylgjande vedtak:

Vang kommune ynskjer å legge destinasjonsplanen sin etappe nr. 1 til grunn for arbeidet vidare med ny Kommunedelplan på Tyinkrysset. Planen skal ha ein periode på 10 år.

Med heimel i plan- og bygningslova § 4-1, jf. §11-12, vedtek kommunestyret planprogrammet for kommunedelplan for Tyinkrysset (2018-2028).

Som framlegg med slikt tillegg: Utbyggingsetappe nr. 1 i ny kommunedelplan må vurderast nøyare.

Den 6. april 2017 fatta kommunestyret forutsigbarhetsvedtak i sak KS-091/17, der mellom anna forslag til føresegnsoner og rekkefylgjeføresegn vart lagt fram. Forutsigbarhetsvedtaket vart fatta for å synleggjera kva kommunen ynskjer med kommunedelplanen, forventningar kommunen har og korleis ein skal nå målsettingane.

For å sikre at det ikkje skjedde arealdisponeringar og tiltak i strid med masterplanen eller som kunne forhindre planarbeidet, forlenga kommunestyret mellombels forbod mot tiltak innanfor kommunedelplanområdet Tyinkrysset den 18. mai 2017 i sak KS-028/17 med ytterligare to år.

Den 8. februar 2018 vart det held ope møte om kommunedelplanen der det vart orientert om planprosessen så langt. Det var høve til å koma med innspel. Eit forslag var å sette ned ei referansegruppe som skulle koma med innspel til det vidare planarbeidet.

Hovudutval for utvikling oppnemnde i møte 13. februar 2018 ei referansegruppe med representantar frå alle politiske parti, ulike næringsaktørar og grunneigarane på Tyin/Filefjell,

i hovudsak representert ved Fjellets Fellesgodefinansiering (FFF). Det vart i løpet av våren 2018 gjennomført fire møter med intensjon om å utforme eitt felles innspel til planarbeidet. Referansegruppa klarte ikkje å einast kring eit felles innspel, og leverte difor eit delt innspel. Innspelet var oppe som referatsak i hovudutval for utvikling og i kommunestyret juni 2018.

16. og 17. april 2018 vart det gjennomført studietur med politikarane i kommunestyret og deltakarane i referansegruppa for å sjå og lære korleis andre kommunar har bygd opp sine reiselivsdestinasjonar.

Ei todelt tilnærming

Gjennom planprosessen kjem det tydelig fram ulike ynskjer for området – frå kommunen som samfunnsutviklar, grunneigarar, ulike utviklarar og fastbuande. Korleis ein skulle foreine dei ulike ynskja og samstundes sikre ei god utvikling av området har vore krevjande. I august 2018 gjennomførte administrasjonen ei synfaring og konstruktiv drøfting med Oppland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Oppland. Administrasjonen arbeida på bakgrunn av dette fram eit «kompromiss» og eit forslag til ny kommunedelplan for Tyinkrysset.

Forslaget gjekk ut på vedtak av ein kommunedelplan så snøgt som mogleg ved å:

- Utarbeide ein «mindre» plan med kort planperiode som sikrar vidare utvikling, held «hjula i gang» og har få konflikttema.
- Når mindre plan er vedteke, arbeide for å legge til rette for ei større utvikling av området, jf. masterplanen og innspel frå aktørane.

Følgjande *prinsipp* vart lagt til grunn for forslaget:

- Konflikttema må leggjast bort. Til dømes byggegrense på 1080 moh, og områder med store kulturmiljø og -minner.
- Nye areal knytt til eksisterande utviklingsområder, ikkje til hinder for gjennomføringa av andre delar av masterplanen.
- Fokus på eksisterande kvalitetane på Tyinkrysset gjennom ei lett alpinutvikling, modernisering av eksisterande hyttefelt, utvikling av eksisterande «sentrumsområde» og fokus på naturbasert næringsliv.
- Sjå på dei eksisterande reguleringsplanane i området: Modernisere dei, vidareføre regulerte, men ikkje-bygde tomter i kommunedelplan, dersom dei ikkje er i konflikt med masterplanen eller andre viktige tilhøve.
- Knytte sammen fjellet frå Tenla i vest til Andstor i aust.
- Vurdere om det skal vera bustadar i området.

Forslaget vart lagt fram for styringsgruppa i møte 14. september 2018. Konklusjonen frå dette møtet vart at administrasjonen skulle gjennomføre ei rekkje møter for å få attendemeldingar på denne tilnærminga til det vidare planarbeidet. Møta vart halde med rørde grunneigarar, Fjellets Fellesgodefinansiering, Tyin Filefjell Utvikling, Tyin Filefjell Hytteforum, Tyinkrysset Eigedom AS, Filefjell og Tyin AS, Jotunheimen Eigedom AS og fastbuande. Synspunkta frå møta vart lagt fram for styringsgruppa i møte 16. oktober 2018, og det vart bestemt at dette skulle presenterast for kommunestyret den 1. november 2018.

Forslaget til ny kommunedelplan vart drøftingssak i kommunestyret for å få ei attendemelding på om forslaget var ei god tilnærming til ny kommunedelplan. Det vart i møtet fremja forslag om votering for å gje eit tydelig signal attende til administrasjonen. Framlegget vart vedtake med 15 mot 1 stemme.

I forslaget til ny kommunedelplan legg ein opp til å vidareutvikle eksisterande sentrum på Tyinkrysset. For å få til denne utviklinga var det naudsynt å få til ei avklaring for bustadene i området, og om desse kunne gjevast kombinert føremål for å vera i tråd med ynskja

utvikling. I kommunestyret i sak 003/19 vart det fatta fylgjande samrøystes vedtak:

Kommunestyret går inn for å gje samtlige bustader og regulerte bustadtomter i reguleringsplanane for Tyinkrysset og Høgeset får kombinert/næring/fritid som føremål i ny kommunedelplan.

Kommunen vil inntil ny kommunedelplan for Tyinkrysset er endeleg vedtake, ikkje tildele eller selje fleire kommunale tomter innanfor reguleringsplanane Tyinkrysset og Høgeset.

I den nye kommuneplanen for Tyinkrysset skal det avsettast areal til bustadfelt/bustadføremål.

Innkomne merknader til planoppstart

Planprogrammet låg ute til offentleg ettersyn i perioda frå 23. mars 2015 til 08. mai 2015. Det kom inn 11 innspel til planprogrammet, der tre av desse vart behandla ved sluttbehandling av planprogram i kommunestyret (sak 046/16), medan åtte av desse var innspel på utbyggingsområda. Desse blir refererte og kommentert nedanfor, og fylgjer saka som uttrykte vedlegg.

Yvonne og Leif Øyvind Solemsli, 13.03.15

Ynskjer å få regulert deira gards- og bruksnummer 2/192 i bustadfeltet på Høgeset frå bustad til fritidsbustad, og meiner det er fornuftig at og dei andre bustadtomtene og får dette føremålet.

Rådmannen sin kommentar:

Gnr./bnr. 2/192 er føreslege til kombinert føremål bustad/fritid i forslaget til ny kommunedelplan. Dei resterande kommunale tomtene er føreslege til fritidsføremål.

Bø- og Grøvtølen sameige og Grøvtølen sameige, 06.05.15

Ynskjer å sette av areal kring Steinhaugområdet, areal i Bø- og Grøvtølen og areal aust for Bøastølen til framtidig utviklingsområde.

Rådmannen sin kommentar:

Heile Steinhaugområdet (areal mellom Tørrisheis og planlagt Andstorheis) er innarbeidd som framtidig utviklingsområde i forslaget til ny kommunedelplan. Det same er arealet aust for Bøastølen, men i forslaget til ny kommunedelplan ligg det inne vesentleg meir areal kring Bøastølen enn det som er skissert i innspelet, då skissa i innspelet tek utgangspunkt i ei tidligare utgåve av *masterplankartet*. Kommunen ser det som naudsynt å legge inn tilstrekkeleg utbyggingsareal som grunnlag for finansiering av Andstorheisen.

Areal i Bø- og Grøvtølen opp mot Nedre Bøastøltjeden er ikkje føreslege lagt inn i forslaget til ny kommunedelplan, då heile dette arealet ligg over føreslege byggegrense på 1080 moh. Dette arealet vil eventuelt bli vurdert ved neste revidering av kommunedelplan Tyinkrysset.

Forum for natur og friluftsliv Oppland, 07.05.15

Innspelet til Forum for natur og friluftsliv(FNF) Oppland meiner at framtidige utbyggingar og inngrep må planleggast ut i frå eit prinsipp om fortetting av eksisterande områder, og ikkje ytterligere nedbygging av natur- og friluftslivsområder. Dei har elles fylgjande innspel:

Fokus på å ikkje planlegge utbygging i områder med der det er finst truga dyre- og naturtypar, og fokus på naturmangfaldet gjennom planlegginga.

Legge til rette for å drive med friluftsliv i nærleiken til bustad.

Legge forpliktande klima- og energiplan til grunn for arealplanlegginga.

Ynskjer att deira lokalorganisasjonar inviterast til å delta i arbeidsgrupper eller liknande.

Rådmannens kommentar:

Fleire av innspela er innarbeidd og take høgde for i plandokumenta. Innspelet blir elles take til orientering.

Ole Grihamar, 07.05.15

Ynskjer at området sør for E16 ved Fløgstrøndfjorden blir lagt inn som framtidig utbyggingsareal for fritidsbustader, og at areal ved Grihamarstølen nord for elva på hans teig og opp til området som ligg i reguleringsplan for Skørnsnøse, settast av til fritidsbustader. Deler av sistnemnte areal er dyrka mark, men har låg avkastning grunna dårlig jordsmonn og høgde over havet. Meiner arealet bør settast av til noko som kan gje høgare avkastning. Området er kartlagt for skred.

Rådmannens kommentar:

Området sør for E16 ved fløgstrøndfjorden ligg ikkje som framtidig utviklingsområde i denne revideringa til kommunedelplan, då det ikkje er i tråd med prinsippet om utviding og fortetting av eksisterande område. Arealet ligg og inne som planlagt alpinareal i masterplanen, og kommunen ynskjer å legge føreslegen arealdisponering i masterplanen til grunn for pågåande, og framtidig, revidering av kommunedelplan.

Føreslege areal ved Grihamarstølen ligg både innanfor omsynssone for vassdrag og område med viktige kulturminner- og miljø. Skørnsnøseområdet er lite utvikla, og føreslege areal er då heller ikkje i tråd med prinsippet om utviding og fortetting av eksisterande område.

Tyin Filefjell Utvikling AS, 08.05.15

Tyin Filefjell Utvikling sitt innspel handlar primært om å legge inn og etablere ein turveg som vil knytte dei store hytteområda i Børrelia tettare saman med næringslivet sentralt på Tyinkrysset. Denne kan nyttast som skiløype vinterstid og vil då knytte saman områda på ein god måte med den planlagde tidligløypa nord for E16 ved Tyinkrysset. Vegalternativa for Kongevegen må og styrkast frå Tyinkrysset til Kyrkjestølen for å få ein god samanhengande veg som kan nyttast til ulike føremål året gjennom.

Rådmannens kommentar:

Rådmannen tek innspelet til orientering. Etablering av turveg må løysast på detaljreguleringsnivå, og vil vera aktuelt å planlegge inn til dømes med detaljregulering av det framtidig utviklingsområde Skaftneverhamarn. Elles er t.d. etablering av turstig eit søknadspliktig tiltak jf. plan- og bygningslova.

Knut Vidar Svanheld/Gunn Tove Nyheim, 08.05.15

Ber om at resterande areal av deira teig på gnr.7 og bnr. 30, som ikkje er omfatta av vedtake reguleringsplan «Tyinkrysset Fjellstue med alpin», får same kombinert arealføremål som i denne planen, og at arealet på oversida av Grøvsjøta blir sett av til område for fritidsbustader.

Rådmannens kommentar:

Resterande areal på gnr. 7 bnr. 30 er delvis føreslege inn som sentrumsområde og delvis inn som alpinareal i «Tyinkrysset alpin» i ny kommunedelplan. Deler av arealet på oversida av Grøvsjøta er lagt inn som framtidig utviklingsområde. Arealet på oversida av Grøvsjøta

Tyin Filefjell Hytteforum og Tyin Filefjell Turløyper, 08.05.15

Påpeikar at Vang kommune har sett som mål å bli ein av landets beste hyttekommunar, og føreset å bli involvert i det vidare planarbeidet for å fremme ei god utvikling av nye utbyggingsområder og løyper i området. Dei meiner det må utarbeidast ein sti- og løypeplan, som må inn som ein del av kommunedelplanen. Denne må innehalde ein rammeplan for kompensasjon for grunneigarar som blir rørde av stigar og løyper på sin grunn, og infrastruktur som bruer og skilt. Desse stigane og løypene må få same status alpinløyper slik at dei får tildelt midlar gjennom masterplanens «fellestiltak». Dei påpeikar og at det må utarbeidast avtaler som sikrar drift av heisanlegga i tråd med den overordna målsettinga om ein attraktiv hyttekommune.

Rådmannens kommentar:

Det er ikkje utarbeidt ein eigen stig- og løypeplan ved denne revideringa av kommunedelplan, men dette er noko ein kan vurdere å utarbeide etter vedtak av ny

kommunedelplan. I kommunedelplanen er det foreslege at bruk av utbyggingsavtalar og kan nyttast til etablering av stig- og turløyper, og då kan vil det vera fornuftig med t.d. ein overordna stig-, sykkel- og løypeplan. Rådmannen tek innspelet til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne(RMF), 11.05.15

Syner i sitt innspel til føremålsparagrafen til plan- og bygningslova der universell utforming er nemnt i siste punkt, og at det er lite spor av dette under utgreiingar i planprogrammet. Syner og til at det er eit krevjande område med tanke på tilkomst for mellom anna eldre og rørslehemma, og at dette bør utgreiast og tenkast på i eit tidleg stadium av planlegginga. Dei peikar vidare på korleis omsynet til universell utforming må bli take omsyn til i planområdet, og at ein legg opp prosessane slik at synspunkt og innspel på dette temaet kan koma inn så tidleg som mogleg i prosessen.

Rådmannens kommentar:

Plan- og bygningslova tek for seg universell utforming mellom anna §§ 1-5, siste ledd og 12-7 pkt- 4, og er i så måte allereie godt ivareteke i ein planprosess. Rundskriv «T-5/99 Tilgjengelighet for alle (29.12.2009)» er og innarbeidd i kapittel 7 under «statlige- og regionale føringar. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne(RMF) vil og vera høyringspart ved nye detaljreguleringar. Rådmannen er elles samd i at det er viktig å ta omsyn til, og leggje til rette for, eldre og rørslehemma i framtidige reguleringsplanar på Tyinkrysset og tek innspelet til orientering.

Forholdet til overordna planar

Føringar for planarbeidet er lovar og forskrifter, rikspolitiske retningslinjer, fylkesdelplanar, kommuneplanar og kommunale retningslinjer. I kapittel 7.1. i planomtala er det lista opp ei oversikt over dei viktigaste kommunale-, regionale- og nasjonale føringane som kommunen har teke omsyn til under arbeidet med kommunedelplanen. Dette er i samsvar med vedteke planprogram.

Planforslaget

Kommunedelplanen har fått plan-ID:2015003, og planforslaget som skal behandlast består av:

- Plankart i målestokk 1:13000, datert 11.04.2019
- Føresegn, datert 04.04.2019
- Planomtale, datert 04.04.2019
- Vedlegg (KU, ROS, temakart, rammeplan VA, m.v.)

Utbyggingsområder

Innanfor kommunedelplanområdet er det totalt 31 reguleringsplanar (sjå tabell 1). Fleire av dei er gamle og møter ikkje dagens krav til reguleringsplanar. Kommunen har gjort ei heilskapleg vurdering av alle planane i området. Erfaring frå byggesaksbehandling syner at nokre av planane har føresegn for utforming som ikkje er i tråd med dagens ynskjer. Nokre av områda har potensial for fortetting, medan andre område har utfordringar knytt til samfunnssikring og naturfare. Mange av planane er av eldre dato og ikkje er utvikla. Det vert vist til at planer vedteken etter nyare lov skal vurderast etter 10 år om utviklinga ikkje er komen i gang.

Tabell 1: Vedtekne reguleringsplanar innanfor planområdet

Namn på reguleringspla	Plan-ID	Vedtaksdato	Skal framleis gjelde
Tyinkrysset	0545R024	26.06.1975	Nei

Varden I	0545R028	11.03.1985	Ja
Børrenøse	0545R004	15.10.1992	Ja
Varden II	0545R029	04.02.1999	Ja
Tyinkrysset-Høgeseth	0545R025	04.02.1999	Nei
Skørsnøse	0545R055	12.12.2000	Nei
Nystøga hyttegrend	0545R016	27.06.2002	Ja
Børrelia II	0545R003	27.06.2003	Ja
E16 Grihamar Varpe	0545R065	22.04.2004	Ja
Andstor - Tyinkrysset	0545R039	24.06.2004	Nei
Gudbrandslie	0545R035	28.04.2005	Ja
UH1 og UH2 i Andstor	0545B007	12.01.2006	Nei
R27 -Tørisheis	0545R027	30.03.2006	Ja
Øvre Gudbrandslie	0545R048	20.06.2006	Ja
Synhaug	0545R054	20.09.2007	Nei
Vardejordet	0545R057	29.09.2007	Ja
Børrelia I	0545R056	07.02.2008	Ja
UH-3 - Andstorfeltet	0545B008	10.6.2008	Nei
Reguleringsplan Vesleåntjednet	0545R069	16.06.2009	Ja
Tendlelie	0545R079	28.10.2010	Ja
E 16 Nystuen - Fylkesgrense	0545R085	15.12.2011	Ja
Ingrids hyttegrend	0545R087	15.12.2011	Nei
Busslomme ved Tyinkrysset	2012004	23.05.2012	Ja
E16 Varpe bru-Nystuen	2011004	24.05.2012	Ja
Massedeponi ved Varpe bru	2012003	23.05.2013	Ja
Reguleringsplan for E16 Varpe bru-Nystuen ME	2013002	19.09.2013	Ja
Tyinkrysset fjellstue med alpin	0545R086	22.04.2015	Nei
Reguleringsplan for justering av E16 ved Kolabrune	2014002	24.09.2015	Ja
Børrenøse	2015005	17.11.2015	Ja
Reguleringsplan for vassverk og vassreinseanlegg Tyinkrysset	2016004	20.09.2018	Ja
Tindesyn	2017005	14.12.2018	Ja

Etter gjennomgang er det ni reguleringsplanar kommunen ynskjer å oppheve (tabell 2), medan det er 22 reguleringsplanar som er føreslegne vidareført. Desse er markert med omsynssone H910_1 til H910_22 i plankartet. Eksisterande bebyggelse og ikkje-bygde, regulerte tomter i desse planane er føreslege regulert direkte i kommunedelplanen.

Tabell 2: Reguleringsplaner som vert føreslege oppheva, med vurdering.

Namn på reguleringsplan	Hovudårsak til oppheving
Tyinkrysset	Planen er av eldre dato. Det er ynskjeleg å heve utnyttingsgraden for dei eksisterande fritidsbustadane, samt oppdatere føresegn for bebyggelse. Kommunen ynskjer å sjå heilskapleg på sentrum, og ynskjer ny regulering av området.
Tyinkrysset-Høgeset	Planen er av eldre dato. Det er ynskjeleg å endre arealformåla i tråd med masterplan, samt endra bruk. Området vart tidligare nytta til leirskule, men denne er no borte. Ny E16-trase og potensiell framtidig skinedfart og gondolbane frå Skørsnøse må innarbeidast.
Skørsnøse	Planen er 18 år gamal og er i liten grad utvikla. Ny kunnskap

UH-3 - Andstorfeltet	om skredfare og kulturminner gjer at kommunen ynskjer ein ny reguleringsplan for området. Tomteinndeling og tilkomstveggar bør og vurderast på nytt. Det er viktig å sikre potensiell, framtidig skinedfart frå Skørnsnøse i framtidig plan. Bebyggingsplanen er 17 år gamal og ikkje utvikla. Ny kunnskap om skredfare og ynskje om endra utnytting gjer at kommunen ynskjer at området vert planlagt på nytt.
Andstor -Tyinkrysset	Det er stort fortettingspotensiale i planen, samstundes som det er tomter i reguleringsplanen som er i konflikt med nye alpinområde. Det er ynskjeleg å oppdatere utformingsføresegn, samt legge til rette for ny tilkomstveg for felt ovanfor.
UH1 og UH2 i Andstor	Området er ferdig utvikla, men det er ynskjeleg å oppdatere arealformål for å få dei i tråd med faktisk bruk.
Synhaug	Planen er 11 år gamal og lite utvikling har skjedd. Ny kunnskap syner skredfare, og kommunen meiner området har utnyttings- og fortettingspotensiale. I 2010 vart det fremma eit forslag frå tiltakshavar om utviding/ny plan for området med Synhaug-Kilane. Dette vart fremma på nytt i juni 2018. Med ein ny reguleringsplan som tek for seg baa areala, kan gje meir heilskapeleg utnytting av området.
Ingrids hyttegrend	Kommunen ynskjer ei heilskapeleg utvikling av sentrum, og ynskjer ei ny regulering av dette området, samt endre arealformål til faktisk bruk.
Tyinkrysset fjellstue med alpin	Regulert alpinnedfart er ikkje i tråd med tilråding frå Ecosign. Dette, saman med fortettings- , utnyttingspotensiale og heilskapeleg sentrumsutvikling, er årsakene til at kommunen ynskjer å sjå på dette området på nytt. Området er ikkje utvikla.


Utgangspunktet for planforslaget er arealbruk frå masterplanen, men fylgjande prinsipp er og lagt til grunn for å kome fram til dei nye utviklingsområda:

- Klimavennlegheit – sjå på eksisterande kvalitetar ved området og utvikle dagens sentrumsområde
- Nye utviklingsområder skal vera i ei naturleg forlenging av eksisterande område - nytte fjellet saman (frå Andstor i aust til Tenlelie i vest)
- Lågt konfliktnivå med tanke på nasjonale- og regionale retningslinjer. Øvre byggjegrænse mot fjell på 1080 m.o.h., og ingen urørte områder i denne planperioden (til dømes nye områder for fritidsbebyggelse nord for E16)
- Legge til rette for vidare, framtidig utvikling av området i tråd med masterplanen

Med avsett areal lagt til grunn, er det rimeleg å anta at ein med desse utviklingsområda legg til rette for mellom 450-550 fritidsbustader og 450-550 leiligheiter, alt ettersom korleis areala blir nytta ved ny detaljregulering.

Nye utviklingsområder er synt i figur 1 og tabell 3 syner ei oversikt over arealføremål.

Figur 1: Utviklingsområde i gult, eksisterande fritidsbustader avgrensa med tomtegrense.



Tabell 3: Areal for utbygging i kommunedelplanen, fordelt på føremål. Areal oppgjeve i mål.

Arealformål	Sosi-kode	Eksisterande	Nye, framtidig
Fritidsbustadar	1120	532	1100
Sentrumsformål	1130	0	90
Fritids- og turistformål	1170	17	58
Næring	1300	0	15
Alpin	1400	838	238
Kombinertformål*	1800	93	108
Parkering	2080	15	14
Naturområde	3020	0	58
Turdrag	3030	5	0
Grønnstruktur	3800	1	52

*eksisterande bustader vert føreslegen omregulert til kombinert føremål

Forklaring av arealføremåla i figur 1 (utfyllande i føresegn kap. 7):

- Nye utviklingsområder er merka med samanhengande mørkegul farge
- Alle eksisterande bygde og ikkje-bygde tomter har ein nyanse lysare gulfarge, og er merka med tomteavgrensing. Dette er fritidstomter-/bustader som ligg i reguleringsplanar som er føreslege oppheva, og fritidstomter-/bustader som ligg utanfor regulerte område i LNFR.
- Sentrumsføremål er merka med brun farge, og er arealet frå Joker t.o.m. Tyinkrysset Fjellstue.
- Fritids- og turistføremål er merka med blå farge. Det er føreslege tre areal med dette føremålet – to nedst i Andstorheisen på sørsida av Begna, og eitt ved Skaftneverhamarn(nord for Kileheisen)
- Næring er merka med ein blå/lilla farge og er N1 (areal sett av til servicebygg ved


påstigning Andstorheis) og N2 (areal sett at på toppen av Andstorheis til servering/bevetning)

- Kombinert føremål er merka med stripete fargar. Dette gjeld UH1 og UH2, eitt nytt areal ved Skaftneverhamarn, UH3, eit mindre areal ved Skørnsnøse og eit større areal ved Tyinkryssset som er føreslege med slikt føremål. Eksisterande busad i regulerginsplan for Høgeset har fått føreslege kombinert bustad/fritid, og eksisterande bustader i reguleringsplan for Tyinkryssset har fått føreslege kombinert bustad/fritid/sentrum.
- Alpinheisane er merka med raud strek(Tyinkryssset alpin og Andstor alpin, medan eksisterande nedfartar er merka med ei lysegrøn farge og forslag til nye nedfartar er merka med ei mørkare grønfarge.
- Parkering er merka med grå farge. Det er ein eksisterande(P1) ved Tørrisheisen og det er føreslege ein ny(P2) på nordsida av E16.

Krav om felles planlegging

I kommunedelplanen er det 13 omsynssoner med krav om felles planlegging. Disse er merka i plankartet med omsynssone H810_1 til H810_13(sjå figur 2), og vedlagt temakart syner desse på ein god måte. I førsegna under punkt 3.2. er omsynssonene namngjevne. Dei respektive områda må sjåast i samanheng for å sikre heilskapeleg utvikling av naudsynt infrastruktur som mellom anna tilkomstveg, parkering, vatn og avløp, straum, fjern-/nærvarmelegg, skiheis med tilhøyrande nedfartar, samanhengande grøntareal, stigar og sykkelløyper, krysningspunkt for alpintrasé, m.v.

Figur 2: Områder med krav om felles planlegging eller modernisering.



Særskilt om omsynssone H810_1 – denne omsynssona inneheld utviklingsområda Andstor alpin, Tyinkryssset alpin, P2, N1 og N2. Årsaka til dette er at områda må bli sett under eitt for å sikre naudsynt infrastruktur og servicetilbod for alpinområdet. Det er stilt rekkefylgjekrav

om at omsynssone 810_1 skal utviklast fyrst innanfor den samla omsynssona H410_1 (sjå temakart gjennomføringssoner).

Bruk av rekkefylgjeføresegn

For å sikre etablering av naudsynt infrastruktur, som mellom anna vatn og avløp, viktige og tyngre infrastrukturinvesteringar som skiheisar og ei samfunnsøkonomisk utvikling av utbyggingsområda, er det stilt rekkefylgjeføresegn i kommunedelplanen. Sjå punkt 8 i føresegna.

Kommunen kan stille føresegn om rekkefylgje for «å sikre etablering av samfunnsservice, teknisk infrastruktur, grønnstruktur før områder takast i bruk», jf. pbl. § 11-9 nr.4. Føresegn om rekkefylgje er noko kommunen kan sette dersom det er ein viktig del av kommunedelplanen, og etablering av stolheis i Andstor og barne-/tilbringerheis på Tyinkrysset alpin er ein sentral del av utviklingsplanane på Tyinkrysset. Etablering av desse tilboda vil koma grunneigar og interessentar til gode i form av høgare tomteprisar og eit auka reiselivstilbod i området, både vinter og sumar.

Forutsigbarheitsvedtak

I kommunestyret den 06.04.2017 i sak 019/17 vart det fatta eit forutsigbarheitsvedtak jf. pbl. § 11-9 nr.2:

Som grunnlag for ny kommunedelplan på Tyinkrysset vedtek Vang kommune følgjande forutsigbarheitsvedtak, jf. pbl. § 17.2:

1. Vang kommune krev inngåing av utbyggingsavtale innanfor kommunedelplanen for Tyinkrysset sitt område når ein eller fleire av føresetnadane er til stades, jf. pbl. §§17-2 og 17-3. For område som er avsett som utviklingsområde, vil inngåing av utbyggingsavtale normalt vera ein føresetnad før byggjeløyve (ramme- og igangsettingsløyve) kan gjevast.
2. Kommunalt vatn og avløp

Innanfor kommunedelplan på Tyinkrysset vil det ikkje bli gjeve løyve for nye private anlegg for vatn og avløp.

3. Hovudprinsipp for kostnadsfordeling:

Utbygger bær sjølv alle utbyggingskostnadane med å leggje til rette for naudsynt teknisk- og blå-grøn infrastruktur innanfor sitt utbyggingsområde. (*Blå-grøn infrastruktur er vegetasjonskledd område og vatn, nytta for mellom anna å ta høgde for overvatn, samstundes som det nyttast som visuelle element i utbyggingsområda*).

Kostnadane til det nye vassverket skal fordelast mellom utbyggerane og Vang kommune (berre ein mindre del av kostnadane kan dekkast under kommunen sitt sjølvkostområde for vassforsyning). Påkoblingsavgift og andre ordinære kommunale omkostningar kjem i tillegg.

I føresegna til kommunedelplanen under punkt 2, er det utdjupa i kva tilfelle kommunen vil nytte utbyggingsavtaler.

Konsekvensutgreiing

For kommuneplanar, herunder kommunedelplanar, som legg til rette for framtidig utbygging, skal ein gje ei særskilt vurdering og omtale av kommunedelplanen sine verknadar for miljø og samfunn (konsekvensutgreiing), jf. pbl. § 4-2 andre ledd. For dei nye utbyggingsområda er det difor gjort ei konsekvensutgreiing med utgangspunkt i tilhøve som er vesentlege som grunnlag for vedtak. For dei same områda er det og gjort ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), jf. pbl § 4-3. Det skal utarbeidast reguleringsplan for dei nye byggjeområda før dei kan takast i bruk, jf. pbl § 11-9 første ledd nr. 1.

Verknadane av planforslaget er summert slik under kapittel «1.2.3 Samla vurdering»:

Planforslaget har som mål å gje høve for modernisering av eksisterande fritidsbustader og reguleringsplaner, samstundes som det vert lagt inn nye utviklingsområder i tråd med overordna utviklingsplan kjent som «destinasjonsplanen». Dei nye utviklingsområda er «10. Bøastølen», «17. Steinhaug», «21. Vesleåne». Resterande områder er bygd, regulert eller baa. Eksisterande regulerte områder er av ulik karakter og tidsperiode. Det er difor tenleg å sjå desse i ein større samanheng, og for å skape ein heilskapleg tilnærming til «destinasjonsplanen», vert fylgjande føreslege oppheva:

- 0545R025 – Tyinkrysset Høgseth (rev. 16/10-98)
- 0545R024 – Tyinkrysset (vedteke 11/1-84)
- 0545R039 – Andstor Tyinkrysset (rev 10-3-04)
- 0545R086 – Tyinkrysset fjellstue (rev. 9/3-15)
- 0545R054 – Synhaug (rev. 22/4-08)
- 0545R055 – Skørnsnøse (rev. 10/6-07)
- 0545R087 – Ingrid's hyttegrennd (rev. 15/11-11)
- 0545B007 – UH1 og UH2 i Andstor (vedteke 28/11-05)
- 0545B008 – UH3 i Andstor (vedteke 29/1-08)

Eksisterande bygg vert regulert gjennom planforslaget. Føresegn skal vere moderate, men tillate modernisering. Det kan vere naturleg med rekkefylgjeføresegn. Samstundes vert områder som er regulert men som ikkje er utvikla, vidareført med krav om ny detaljregulering. Dette sikrar at nyaste kunnskap vert lagt til grunn ved utvikling.

Konsekvensutgreiinga syner at skredfare, konflikt med kulturminner og støysoner må avklarast for regulering av nokre eksisterande bygg. Vidare syner konsekvensutgreiinga at naturomsyn, landskapsomsyn, skredfare og infrastruktur må avklarast ved detaljregulering av områder. Store deler av utviklingsområdene er i nærleik av infrastruktur og eksisterande utviklingsområder, noko som avgrensar negative konsekvensar i større grad. Dei større utviklingsområdene som tidligare ikkje har vore regulert krev store infrastrukturloft og gjev store natur- og landskapskonsekvensar. Det er difor føreslegen krav om felles planlegging av desse områdene.

Det er registrert kulturminner og –områder innanfor området. To større områder er føreslegen bandlagt i planområdet, medan enkeltfunn er lagt inn med omsynssone. Eventuell endring av desse må avklarast ved detaljregulering. Eksisterande bygg eller byggetomter som er i konflikt med kulturminner må avklarast før desse kan byggas ut eller moderniserast.

Risiko- og sårbarheitsanalyse

ROS-analyse konkluderer slik (planomtala kapittel 6.6.1):

ROS-analysen syner at endringar i nedbørsmønstre og sårbarheit ved utvikling langt frå eksisterande tenester kan få verknad for tryggleik innanfor planområdet.

Planområdet inneheld mange eksisterande bygg, og desse forklarar ein del av auka sårbarheit for overvatn og nedbørshendinger. Nye utviklingsområde må òg ta høgde for mellom anna overvatn og nedbørshendingar, og det er naturleg å krevje særskilte føresegn knytt til dette ved utforming av nye reguleringsplaner. Eksisterande bygg vert handtert gjennom plan- og bygningslova, og kan med bakgrunn i denne få krav om tilpassing til fare om dei vert vidareutvikla.

ROS-analysen syner vidare at VA-anlegg er eit kritisk punkt innafor området. VA-anlegg kan føre til forureining, forgifting eller tap av slokke- og drikkevatt. Eksisterande anlegg er nylig oppført, og det er dimensjonert for planforslaget. Planforslaget krev VA-rammeplan, og det vert lagt til grunn at denne vurderer tiltak for å avgrense sårbarheit.

Føreslege arealføremål gjer at ein kan forvente auka trafikk til planområdet. Mykje av denne trafikken vil koma utanfrå kommunen. Auka bruk førar til auka fare for trafikkulykker, og konsekvens ved hending kan bli forsterka av lang responstid. Ulykke i tunnel aukar skadepotensiale ved ei hending. Tunnelane i kommunen er stort sett moderne og har ein rekke sikringstiltak, noko som avgrensar sannsyn og eskaleringspotensiale. Samstundes syner kunnskapsgrunnlag at førarfeil ofte ligg til grunn for ulykker.

Ingen av dei analyserte hendingane gjer det naturleg å forkaste planforslag, men det vert lagt til grunn at føreslegne tiltak vert vidareført inn i føresegn og plankart. Dette gjeld i hovudsak handtering av overvatn, omsynssoner og føresegn for flaum- og skredområde, krav om VA-rammeplan og dimensjonering av tilkomst- og internvegar.

Vassforskrifta

Ihht. vassforskrifta § 12 skal kommunen som myndigheit for sine vassdrag vurdere om ny aktivitet eller nye inngrep i eit vassdrag vil føre til at vassdraget sitt kjemiske eller økologiske mål ikkje nåast, eller om vassdraga blir forringa.

Begnavassdraget renn gjennom planområdet, og er på denne strekninga verna mot ytterligare regulering ihht. verneplan for vassdrag. I samband med arbeidet med vassforskrifta og klassifiseringa av alle vassførekomstane er hovudvassdraget i planområdet, øvre deler av Begna og Otrøvatnet, klassifisert som «sterkt modifiserte vassførekomstar». Her skal «godt økologisk potensial» nåast i 2021. Hovudvassdraget er her klassifisert som «moderat» pga. reguleringa (dam, mangel på fiskevandringar og mangel på minstevassføring).

Omsyn i planområdet som kan påverke Begnavassdraget og Otrøvatnet er overvatn og vatn- og avløp. Overvatn skal jf. føresegna til planen handterast lokalt. Vatn- og avløpsanlegg skal bli godkjent av kommunen, jf. føresegn 6. Omsynssona mot vassdrag pga. av flaum er sett til 20 meter. Dette vil vera positivt for å redusere inngrep nær vassdrag.

Rådmannen vurderer det til at kommunedelplanen ikkje vil påverke dei ulike vassdraga innanfor planområdet sin økologiske status, og ein gjer difor ikkje vidare drøftingar om vilkår for ny aktivitet eller inngrep, jf. vassforskrifta § 12.

Vurdering ihht. naturmangfaldlova

Ihht. naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lova §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utvøving av offentleg myndigheit, og vurderinga skal koma fram av avgjerda.

For å ha eit godt kunnskapsgrunnlag for å vurdere konsekvensane av tiltaket, jf. §8, er det gjort søk etter informasjon om førekomst av evt. verdifulle naturmiljø, raudlisteartar, utvalde artar eller –naturtypar i Miljødirektoratet sin naturbase og Artsdatabanken sine artskart.

I planområdet er det registrert både truga artar og artar av særleg stor forvaltningsinteresse (sjå figur 2 i planomtala). Tabell 1 i vedlegg 1 i planomtala gjev ei oversikt over artane, der det er 20 ansvarsartar og 12 raudlista artar (1 sterkt trua (svarthalespove), 2 sårbare (bergand og lappspurv) og 9 nært trua).

Det er derimot ikkje registrert truga artar eller artar av særleg stor forvaltningsinteresse innanfor avgrensinga og forslaget til nye utbyggingsområder i kommunedelplan. Rådmannen vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å fatte ei avgjerd utan at ein påfører naturmangfaldet alvorleg og/eller irreversibel skade. «Føre-var-prinsippet» kjem difor ikkje i

bruk.

Kommunedelplanen medfører auka utvikling av Tyinkrysset sentrum og ein del omdisponering av LNFR-areal til utbyggingsføremål. Likevel sjåast ikkje prinsippa i §§10 (om samla belastning), 11 (om at kostnadane ved verdiminking av miljøet skal berast av tiltakshavar) og 12 (om miljøforsvalige teknikkar og driftsmetodar) på som relevante her.

Samla vurdering:

Det har vore ein lang prosess å koma fram til eit forslag til kommunedelplan Tyinkrysset. Som det kjem fram av saksframlegget har planprosessen vore omfattande, og det har vorte lagt opp til brei medverknad av dei ulike interessentane i området. Det verkar til å vera ei relativt brei semje om at arealdisponeringa i masterplanen er god og at denne bør leggest til grunn for ny kommunedelplan Tyinkrysset. Men det er framleis ikkje semje om korleis og på kva måte ein skal nå den overordna målsettinga i masterplanen.

Forslaget til kommunedelplan legg til rette for ei omfattande utvikling på Tyinkrysset. Det vil vera mogleg å utvikle mellom 450-550 fritidsbustader og 450-550 leiligheiter, alt ettersom korleis ein vel å nytte areala. Ein legg mellom anna opp til utvikling av eksisterande sentrum der ein vonleg får ei rekke nye sentrumsfunksjonar og etablering av to nye skiheisar. Dersom ein lukkast med denne utviklinga vil dette vera eit solid løft for Tyinkrysset som reiselivsdestinasjon og kommersiell aktør, for grunneigarar, utviklarar og for Vang kommune.

Utviklinga på Tyinkrysset har dei siste tiår vore fokusert på regulering og bygging av fritidsbustader og –leiligheitar. Til tross for utvikling av store areal til desse føremåla, er det investert mindre i infrastruktur som gjev ei auke i reiselivstilbod som til dømes skiheis. Det har samstundes vore ein mindre satsing på *varme sengar*, noko som er naudsynt for å sikre kommersiell utvikling i området.

Dei viktige faktorane for reiselivet og hyttefolket på Tyinkrysset har klart vore dei naturgjevne tilhøva som innbyr til langrenn, fjellturar, jakt og fiske, men skiheis er og utan tvil ein vesentlig del av det samla reiselivstilbodet på Tyinkrysset. Til dømes syner etableringa av Tørrisheisen kor viktig denne var for salet av leilegheitene i UH1 og UH2.

I planforslaget er det føreslege rekkefylgjekrav for å sikre etablering av Andstorheis og barne-/tilbringerheis i Tyinkrysset alpin. Mellom anna vil etablering av Andstorheisen kunne gje verdiauke for fleire viktige utbyggingsområder, og vil i utgangspunktet kunne vera *sjølvfinansierende*. Samstundes vil den vera eit viktig bidrag i utviklinga av ein heilårs reiselivsdestinasjon med spennande moglegheiter knytt til sumar- og sykkelturistane. Andstorheisen vil knytte heisanlegget tettare til eksisterande sentrum og vil vera eit særskilt viktig ledd i å knytte sammen sørsida med framtidig utviklingsområde på nordsida av E16. Med planlagt påstigning på baae sider av E16 vil den vera særskilt synleg og med det vera ein marknadsføringsplakat for området til alle som køyrer E16 over Filefjell.

Dersom kommunen derimot ikkje vel å sette rekkefylgjekrav som vil sikre etablering av Andstorheisen, kan ein risikere at utviklingsområda som no er føreslegne inn i kommunedelplanen på sørsida av E16, heilt eller delvis kan bli utbygd utan at Andstorheisen blir realisert. Då vil ein i fyrste runde gå glipp av verdiskapinga den vil gje til utviklingsområda spesielt og området generelt. Sannsynet for realisering av Andstorheisen seinare vil vera små. Om Andstorheisen ikkje blir realisert, vil og ein viktig del av grunnlaget for masterplanen falle bort.

Andstorheisen kan forsøkast kategorisert som ein framtidsvisjon. Rådmannen meiner imidlertid at tida er komen for å realisere denne visjonen i komande planperiode: Dette vil bidra sterkt til å sikre Tyinkrysset eit naudsynt løft og hjelpe området attende til eit område som omtalast saman med andre attraktive område i Noreg. Utviklingsområda som er føreslegne inn i kommunedelplanen bør vera tilstrekkeleg for å sikre finansiering av denne

typen infrastruktur. Rekkefølgekravet her vil gje utfordringar om samarbeid og satsing frå mange av næringsaktørane på Tyin/Filefjell.

Vang kommune har saman med fleire av næringsaktørane på Tyin/ Filefjell vore på synfaring til andre destinasjonar. Historia som fleire då har fortalt oss er at også dei har på eit tidspunkt stått overfor liknande utfordringar. Så har dei løyst utfordringa, og det har vorte starten på ein opptur! Rådmannen meiner at dette også bør kunne skje på Tyin/ Filefjell.

Kommunen har dei seinare åra investert mellom 70 og 75 MNOK i vatn og avløp i området, og ved at kommunen stiller rekkefylgjekrav for å sikre etablering av viktig infrastruktur som Andstorheisen, gjev eit tydelig signal om at kommunen jobbar aktivt og langsiktig for utvikling av heile masterplanen.

Med forslaget til ny kommunedelplan tek kommunen eit godt skritt på vegen for å nå målsettinga i masterplanen og med det utvikle Tyinkrysset til ein stor, heilårs reiselivsdestinasjon.

Dersom planforslaget vert lagt ut på høyring, kan høyringsperioden gå frå 15. april til 27. mai, med framlegg til vedtak av ny kommunedelplan i kommunestyret 13. juni. Bli det derimot større endringar i dette framlegget, vil det bli naudsynt med ei 2. gongs høyring med høyringsperiode gjennom sumaren med nytt framlegg til vedtak i fyrste kommunestyremøte til hausten.(Dato kan eventuelt bli sett ut noko i tid i høve til møteplanen.)

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår rådmannen å sende forslaget til kommunedelplan Tyinkrysset (plan-ID: 2015003) på høyring og legge det ut til offentleg ettersyn.

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret varslar med dette, jf. pbl. §§ 12-10 og 12-14, at fylgjande planar blir vurdert oppheva i si heilskap:

- Tyinkrysset (plan-ID: 0545R024)
- Tyinkrysset-Høgeseth (plan-ID: 0545R025)
- Skørnsnøse (plan-ID: 0545R055)
- Andstor-Tyinkrysset (plan-ID: 0545R039)
- UH1 og UH2 i Andstor (plan-ID: 0545B007)
- Synhaug (plan-ID: 0545R054)
- UH3 i Andstor (plan-ID: 0545B008)
- Ingrid's hyttegrend (plan-ID: 0545R087)
- Tyinkrysset fjellstue med alpin (plan-ID: 0545R086)

Dette varslet skal leggest ut på høyring, jf. pbl. § 5-2.

1. Kommunestyret støttar seg på rådmannen sine vurderingar av naturmangfaldlova § 7, jf. §§ 8-12, samt vurderingane til vassforskrifta § 12. Kommunestyret fremjer saka og legg Kommunedelplan for Tyinkrysset, med plan-ID:2015003, ut til høyring og offentleg ettersyn jf. plan- og bygningslova § 5-2 og § 11-14, i perioden 15.april til 27.mai.

Kommunestyret 11.04.2019:

Behandling:

Saksbehandlar Magnus Lajord orientere grundig om saksframlegget, herunder:

Om korleis eksisterande reguleringsplaner tenkjast behandla i denne planen.

Anslag på verdiauke på tomter i området dersom området blir utvikla med betra «ski in- ski out» / skiheisar.

Han presiserte avslutningsvis i orienteringa si at dette er eit høyringsframlegg som vil vere eit nødvendig steg på vegen vidare mot godkjend plan.

KS- 011/19 Vedtak:

Leif Solemsli fremja slikt forslag til vedtak:

Forslag til ny kommunedelplan Tyinkrysset med plan – ID:2015003 blir forkasta.

Kommunestyret bestiller nytt forslag til kommunedelplan Tyinkrysset, der heile arealet tilhørende forslaget til masterplan legges til grunn. Forventningen er at dette skal vere klart snarest og senest 1 år frå dags dato.

Gjeldende kommunedelplan Tyinkrysset og eksisterande reguleringsplaner er da verktøyet administrasjonen i Vang kommune må forhalde seg til fram til ny kommunedelplan Tyinkrysset er vedtatt.

Etter gruppemøte fremja Vang AP v/ Ove Martin Stende følgjande framlegg:

Som framlegget frå rådmannen med tillegg av at rådmannen oppfordrast til å halde eit ope møte om planframlegget i høyringsperioden.

Etter gruppemøte i Vang SP kom det fram(utan at det vart fremja noko nytt forslag) at partiet ønsker at det i høyringsperioden kan undersøkast andre tekniske alternativ enn å «oppheve» eksisterande reguleringsplaner, men der det fortsatt er ein føresetnad av tomter i planene skal bidra til infrastruktur.

Ved alternativ votering vart framlegget frå rådmannen med tillegget frå Vang AP vedteke med 11 røyster medan 6 røysta for framlegget frå Leif Solemsli(Følgjande stemde imot: Leif Solemsli, Stein Inge Sæternes, Torstein Lerhol, Knut Rogn Tveit, Geir Kongslien og Tom Kjetil Tørstad)

Inhabilitet: Tom Kjetil Tørstad, Stein Inge Sæternes Bjørn Bjørneseth stilte spørsmål om eigen habilitet knytt til at dei driv næringsverksemd på Filefjell. Det vart også reist spørsmål om Helge Lajord var inhabil idet son hans er saksbehandlar på saka. (Dei forlet møtet etter å ha gjort greie for verksemda si: Ingen av dei opplyste å ha særinteresse framfor andre entreprenørar i området. Helge Lajord opplyste også at han ikkje hadde nokon særinteresse i området som planen gjeld)

Rådmannen opplyste at spørsmål om inhabilitet i denne saka var drøfta med fylkesmannen ved Sondre Bakke. Hans vurdering var at dersom ein representant kunne ha interesse og økonomisk fordel av ei utviding av planområdet så tala det for inhabilitet.

De var ei grundig drøfting om kor vidt nokon av dei 4 var inhabile etter § 6, 2.ledd i forvaltningslova- særeigne forhold.

Vedtak: alle er habile. Samrøystes.